

Referat frå møte i Sandnes sokneråd

Skrivar: Ragnhild Skuggedal

Møte nr: 03.12

Møterom/-stad: Kyrkjelydsalen

Dato: 18.09.12

Møtedeltakare: Arnold Andvik, Grete E. Daae Lahti, Knut Sørheim, Ragnhild Skuggedal, Gunnvor Fyllingsnes,

Ikkje tilstade: Svein Elvik, Solfrid Kvamme, Britt Norland, Gunnar Andvik (vara)

Referat til: Medlemmane, Varamedlemmane, dagleg leiar i fellesrådet, kyrkjelydssekretær

Sak 14/12 **Godkjenning av referat frå førre møte 24. mai 2012**

Utsett til neste møte.

Sak 15/12 **Gjennomgang og godkjenning av ny gudstenesteordning**

Knut gjekk grundig igjennom framlegg til ny gudstenesteordning.

Anne Merete Reknes, som er tilsett som ny kyrkjemusikar, var innom og spelte igjennom nye melodiar som Gudstenesteutvalet (GU) har valt til den nye ordninga. Forslaget ble vedtatt av dei tilstade verande i soknerådet.

Det vert kalla inn til Soknemøte etter gudstenesta den 11. november, der alle framkomte frå soknet får anledning til å oppleve og uttale seg om den nye ordninga.

Soknerådet bør være tilstade på soknemøtet.

Sak 16/12 **Økonomi – status pr. i dag**

Rekneskapet er no sendt til revisor for godkjenning. Grete har overtatt som kasserar, men det står att å få disposisjonsrett av banken. Disponibel saldo er ikkje korrekt enno, sidan det står ein del offer pengar inne på konto som ikkje er overført. Vi får komme tilbake til saldo på neste møtet.

Sak 17/12 **Gunvor orienterer litt om alt arbeid i kristen regi som no startar opp att.**

Gunvor fortalte om all aktivitet i det kyrkjelege arbeid som mellom anna : Søndagsskule, barneforeining, Yngres og TEN klubb. Det er stor aktivitet blant barn og unge i det kristne arbeidet i kommunen.

Sak 18/12 **Forslag til å invitera bedrifter og føretak til og annonsere i «Masfjordingen»**

Det er kome forslag frå kyrkjeverje Svein Kvamsdal om å invitera bedrifter og føretak til å annonsere i «Masfjordingen». Soknerådet har ingen innvendingar mot dette og seier seg positiv til forslaget.

Sak 19/12 **Eventuelt**

Neste møte i soknerådet – torsdag 08.11.12 kl 17.30

Knut Sørheim

Ragnhild Skuggedal

Grete Daae Lahti

Arnold Andvik